



## UKM 05/16 «Det er jo derfor vi plar gjere det slik ...» Om plan for kjønn og likestilling

### Bakgrunn

Strategiplan for likestilling mellom kjønn i Den norske kyrkja i perioden 2015–2023 vart vedteken av Kyrkjerådet i juni 2015. Det er ei revidert utgåve av planen for 2008–2014. I motsetning til kyrkjelege planar som *plan for diakoni*, *plan for kyrkjemusikk* og *plan for trusopplæring* er dette ein tverrgående plan som skal innarbeidast på alle nivå og felt i Den norske kyrkja. Ungdommens kyrkjemøte skal behandle saka for å medverke til at planen blir gjennomført, og for å peike på kva som kan gjerast for å utvikle likestillingsarbeidet i Den norske kyrkja vidare.

Hovudmålet for strategiplanen: Eit likeverdige og likestilt fellesskap av kvinner og menn, jenter og gutar. Kjønn- og likestillingsperspektivet skal innarbeidast på alle nivå og felt i Den norske kyrkja.

Strategiplanen har sju delmål med tiltak for å nå hovudmålet. Delmåla er:

- Arbeide for jamn kjønnsfordeling blant tilsette, valde og frivillige medarbeidarar på alle nivå.
- Sikre like rettar og vilkår utan omsyn til kjønn.
- Sikre kompetanseutvikling og stillingsressursar når det gjeld likeverd og likestilling.
- Arbeide med kjønns- og likestillingsperspektiva i teologi, liturgi, gudstenesteliv, diakoni, trusopplæring og leiarutvikling.
- Styrkje likestillingsperspektivet i kyrkjelege omstillingsprosessar.
- Arbeide aktivt for å hindre fysiske og psykiske overgrep.
- Stimulere til teologisk og praktisk arbeid med kjønns- og maktperspektiv.

Saksdokumentet har tre delar. Den første delen er ei skildring av ein tenkt situasjon, med døme på problemstillingar som gjeld kjønn og likestilling i kyrkja. Del to er ei kort innføring i nokre ulike posisjonar i samfunnsdebatten om likestilling, med døme frå skildringa i del éin. I del tre blir fire utvalde utfordringar frå planen lyfta fram.

Som vedlegg til saka følgjer den vedteke strategiplanen i fullstendig versjon.

### Fakta

#### Fakta

40 % av dei 16-årige jentene i Noreg har fått uønskte seksuelle kommentarar på internett det siste året, mot 13 % av gutane.

26 % av norske kvinner tek høgare utdanning, og 18 % av norske menn.

24 % av norske 16-årige jenter seier at dei har psykiske plager, 8 % av gutane fortel om psykiske plager.

Kvinner eig berre 1 % av all eigedom i verda og har mindre enn 10 % av inntektene i verda.

25 % av kvinnene i verda blir utsette for vald i sin eigen heim.

34 % kvinner og 11 % menn i Noreg har opplevd seksuelt overgrep.

81 % av professorane i Noreg er menn.

30 % av prestane i fast stilling i Den norske kyrkja er kvinner.

79 % av diakonane og diakoniarbeidarane i Den norske kyrkja er kvinner. Prosentdelen er aukande.

Etter Kyrkjemøtet i 2016 har kvinner dei fire viktigaste posisjonane i Den norske kyrkja: preses i biskopkollegiet, kyrkjerådsleiaren, leiar av Samisk kyrkjeråd og leiar av Mellomkyrkjeleg råd.



# DEN NORSKE KYRKJA

Ungdommens kyrkjemøte 2016

## Del 1: Planleggingsmøte for hyttetur

### Ein tenkt situasjon

*Espen, Eva, Kim og Ada er unge leiarar i ein kyrkjelyd. Dei har møte for å planleggje ein årleg hyttetur for ungdommar i kyrkjelyden. Her er eit lite utdrag frå samtalen:*

Ada: I år synest eg vi skal fordele oppgåvene motsett av det vi gjorde i fjor. I år ber vi jentene om å hogge ved til det store leirbålet, medan gutane kan lage middag og vaske opp.

Kim: Eg liker ikkje at vi deler opp i gutar og jenter. Kan vi ikkje heller seie det slik at alle kan velje det dei har mest lyst til å gjere?

Espen: Da vil jo sikkert alle hogge ved, og ingen lage mat. Det går jo ikkje! Dersom alle skal få velje heilt sjølv, korleis kan da vi syte for at alle oppgåvene blir gjorde? Og eg trur forresten ikkje at alle jentene er sterke nok til vedhogging, det er fysisk tungt arbeid.

Eva: Eg har ikkje lyst til å ete maten dersom gutane lagar han, det kjem berre til å bli ekkelt. Og eg liker mykje betre å lage mat enn å hogge ved. Dessutan tek det altfor lang tid å gjere det på denne måten. Det er mykje meir effektivt at gutane hogg ved og jentene står på kjøkkenet. Det er jo derfor vi plar gjere det slik!

Ada: Dersom ikkje jentene får øve seg på å lage stort bål, og gutane ikkje får prøvd seg på kjøkkenet, så kjem dei jo aldri til å bli flinkare til det. Eg er mykje flinkare til å hogge ved enn til å lage mat, og eg synest det er på tide at vi får vise gutane at vi er minst like flinke til å lage bål som dei er!

Kim: Eg synest vi skal blande gutar og jenter, så kan vi lære av kvarandre. Vi kan jo velje ut tilfeldig kven som skal gjere kva.

Espen: Eg har i alle fall tenkt å lage bål. Eg vil ikkje vere med som leiar dersom eg må stå på kjøkkenet! I år skal vi lage det største bålet nokon gong. Eg foreslår at alle får vise kor gode dei er med øksa, så kan dei flinkaste få vere med og lage bål. Så kan resten lage mat.

Eva: Dersom Espen får lage bål, må eg få lov til å vere på kjøkkenet! Og eg vil ikkje ha med nokon gutar som berre går i vegen for matlaginga. Dei kan vel finne kvister til bålet dersom dei ikkje duger med øksa? Det er sikkert nok av jenter som helst vil lage mat.

Espen: Du lagar så god mat, Eva! Eg håper du vil ta ansvaret for matlaginga i år òg, for det er du så flink til.



# DEN NORSKE KYRKJA

Ungdommens kyrkjemøte 2016

## Del 2: Kjønn og likestilling

Diskusjonen om kjønn og likestilling handlar i stor grad om fordeling av makt og pengar. Det handlar om bruk av fysisk makt mellom menneske, om kven som bestemmer i samfunnet, om kva som skal til for at alle menneske reelt sett skal få dei same sjansane i livet.

Kjønn og likestilling handlar om kva samfunn ein ønskjer seg, og på kva måtar ein meiner at samfunnet kan bli slik. Dei fire personane i forteljinga er meinte som døme på ulike syn ein kan ha på kjønn og likestilling i samfunnsdebatten. Dei er framstilte på ein måte som kan få fram tydelege skilnader mellom dei. Det går an å vere litt einig med fleire av personane.

*Espen* er eit eksempel på ei tilnærming til kjønn og likestilling som handlar om at det er opp til kvar og ein av oss å få det slik vi ønskjer å ha det. Arbeid for auka likestilling er ikkje eit ansvar for samfunnet, og det er ikkje viktig å diskutere kjønn. Dersom kvinner klagar over at dei blir diskriminerte, er det eit middel dei bruker for å skaffe seg meir makt i høve til menn.

*Eva* er eit eksempel på eit syn på kjønn som inndelt i mann og kvinne, der dei utfyller kvarandre, og slik bør det vere. Etter dette synet er det viktig at kvinner skal få vere feminine og dyrke kvinnelege interesser. Menn kan skjømte sine eigne interesser så lenge dei prioriterer familien. Ein legg meir vekt på at kvinner skal støtte kvarandre, og mindre på likestilling som ein politisk maktkamp mellom kvinner og menn.

*Ada* er eit eksempel på at kjønn og likestilling handlar om at kvinner er ei undertrykt gruppe i samfunnet, og kvinner må derfor behandlast annleis enn menn for at kvinner reelt sett skal få dei same rettane og sjansane som menn. Manglande likestilling kjem av strukturar i samfunnet, og ein må organisere samfunnet på ein måte som jamnar ut skilnadene mellom kvinner og menn.

*Kim* er eit eksempel på ideen om at skilnader mellom kjønn er skapte av samfunnet. Alle menneske er eigentleg like og skal behandlast likt, og kva kjønn ein reknar seg som, er uviktig. Det er diskriminering å dele inn i mannleg og kvinneleg, og at somme får fordelar fordi dei høyrer til ei viss gruppe.

- *Kven av dei fire er du mest samd med, og kvifor?*

## Del 3: Strategiplanen

I utforminga av strategiplanen er det teke nokre val når det gjeld syn på kjønn og likestilling. Ein har teke utgangspunkt i at dei fleste menneske identifiserer seg som anten mann eller kvinne.

Manglande likestilling mellom menn og kvinner i Den norske kyrkja blir sett på som eit strukturelt problem som må løysast gjennom særskilde tiltak. Planen speglar ei tradisjonell kristen forståing av mennesket som skapt til mann og kvinne. Samtidig tek planen høgde for at ikkje alle er heterofile, at det finst ulike kjønnsidentitetar, og at det er viktig å arbeide for eit større mangfald i kyrkja.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Ungdommens kyrkjemøte 2016

Strategiplanen legg opp til ein dobbel strategi. For å få eit meir likeverdig og likestilt fellesskap skal kjønn og likestilling vere ein del av alt arbeid i Den norske kyrkja. Samtidig skal kjønn og likestilling vere eit eige fagfelt som nokon skal ha eit spesifikt ansvar for å utvikle vidare og ha fokus på.

Planen har tiltak som er delte inn i tre kyrkjelege nivå – for å vise kva ein kan gjere på nasjonalt nivå, på bispedømmenivå og i kyrkjelydar og kyrkjelege fellesråd. Ungdommens kyrkjemøte kan drøfte innhaldet i heile planen.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ungdommens kyrkjemøte 2016

Ufung foreslår å diskutere desse tiltaka frå planen på Ungdommens kyrkjemøte. UKM blir utfordra til å kome med inntil tre forslag til konkrete ting kyrkja kan gjere på kvart av desse punkta:

- **Leggje vekt på å få god balanse mellom jenter og gutar, kvinner og menn i barne- og ungdomsarbeid.<sup>1</sup>**
- **Vere bevisst på å vareta unge og vaksne lhbt-personar i kyrkjelydsarbeidet.<sup>2</sup>**
- **Vidareutvikle arbeidet mot seksuelle overgrep og styrkje dei strukturane i kyrkja som medverkar til dette.<sup>3</sup>**
- **Motarbeide diskriminering og undertrykking av seksuelle minoritetar nasjonalt og internasjonalt.<sup>4</sup>**

Ordforklaring:

Ordforklaring:

lhbt-personar:

lesbiske,

homofile, bifile

og transpersonar

### Utfordringsspørsmål:

1. I kva for kvardagssituasjonar spelar kjønn ei rolle?
2. Er det noko i strategiplanen som særleg gjeld kvardagen til dei unge?
3. Korleis kan Den norske kyrkja bli meir inkluderande for alle, for på den måten å vise i praksis at nåden gjeld alle menneske?

### Vedlegg:

#### Strategiplan for likestilling mellom kjønn i Den norske kyrkja

- Strategiplanen slik han vart vedteken av Kyrkerådet i juni 2015. Det er sidene 9–11 som er den vedtekte strategiplanen. Resten av dokumentet er vedlegg til planen, meint som bakgrunnsinformasjon.
- Planen ligg på nett: [https://kyrkja.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/planer-visjonsdokument-og-strategier/plan\\_likestilling\\_2015\\_nn\\_web.pdf](https://kyrkja.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/planer-visjonsdokument-og-strategier/plan_likestilling_2015_nn_web.pdf)

---

<sup>1</sup> og <sup>2</sup> Punkt under delmålet *Arbeide med kjønns- og likestillingsperspektiv i teologi, liturgi, gudstenesteliv, diakoni, trusopplæring og leiarutvikling, på lokalt nivå.*

<sup>3</sup> og <sup>4</sup> Punkt under delmålet *Arbeide aktivt for å hindre fysiske og psykiske overgrep og Stimulere til teologisk og praktisk arbeid med kjønns- og maktperspektiv, på nasjonalt nivå.*